

Heime hos Are er det raude roser på bordet, og alle koser seg med reker.

Etter maten ruslar Are roleg opp på rommet sitt. Der er det rot overalt. "Uff, eg må visst rydde", tenker han. Men plutseleg høyrer han bråk og kakling rett utanfor vindaugget. Han ser reven rappe ei høne som har rømt ut av hønsegarden. Ho flaksar med vengene for å komme laus, men så blir det roleg.

Are blir rasande og fer etter reven. Han veit om eit revehi under ei rot i skogen, men der finn han berre ei daud rotte. Reven er vekk. "Reven er ein rakkar av ein røvar", tenker Are. "Kvar kan reven vere?" Han synest han ser restar av nokre kvite fjør borte ved det rotne grantreet.

126 ord

